



## Statens vegvesen

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:  
21/31972-5

Dykkar referanse:  
2022/1407-81

Vår dato:  
11.09.2024

### Svar – Om Grøn næringspark og Den Stavangerske postveg – Kvinnherad kommune

Vi viser til brev i frå Kvinnherad kommune av 29.07.24, med førespurnad om omsynet til Den Stavangerske postveg i samband med arbeidet med å etablere Grøn næringspark på Husnes.

Statens vegvesen er oppteken av å ta vare på og formidla Den Stavangerske postveg som det nasjonale kulturminnet denne vegen er. På lik line med andre postvegar med utgangspunkt i Bergen, som til dømes den Trondhjemske postveg, vart denne etablert som ein del av det første hovudvegnettet på Vestlandet på 1790 talet. Intensjonen var å kunne få posten frem på ein meir effektiv måte enn tidlegare, på strekninga mellom Bergen og Stavanger. Ein del av denne hovudvegen gjekk via Husnes i Kvinnherad.

Statens vegvesen oppfattar at den traseen som er skildra som postveg i oversendingsbrevet ikkje er ein del av den opphavelige postvegen på Husnes. Postvegen har gjennom dette området gått frå avkøyrsla på Fv. 5028 i sør ved gnr. 143/142 der han er synleg i dag og inn på industriområdet ved elektrolysehallane. Nord av elektrolysehallane gjekk vegen ned mot dagens kaiområde. Herifrå følgde postvegen sjølinja nordover og går inn i trasen til Fv. 500 eit stykke, før han i synleg form tek opp i terrenget igjen. Over kaiområdet, ved elektrolysehallane og ved industriområdet er det ikkje spor etter postvegen i dag. Mot Fv. 500 i nord går nok delar av dagens veg i same trase som postvegen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim



Kjelde - [www.kommunekart.no](http://www.kommunekart.no)

Postveg kryssar Fv 5028 i sør og går forbi husklynga ned til høgre i bildekanten og vidare inn på industriområdet. Vegen gjekk vidare nord vest av elektrolysehallane og inn mot dagens kaiområdet. Postvegen i sin opphavslege form er borte i det aktuelle området, med bakgrunn i etableringa av industriområdet på Husnes.

Vi oppfatar ut i frå informasjonen vi har motteke frå kommunen at det aktuelle området for Grøn næringspark, er tenkt lokalisert nord og aust av elektrolysehallane i eit delvis skogkledd område med nokre moderne tiltak. Her går det nokre vegfar i dag, som vert omtalt som postvegen. Dei er i oversendt kartutsnitt markert med omsynssone. Som vi har forklart ovanfor har postvegen gått ein del lengre vest for dette området. Desse vegfara representerer soleis ikkje den originale postvegen på staden. Vi forstår at en tenkjer å etablere fortau som erstatning for desse vegane når dei er ferdig bygd. Slik vi oppfatar det vert desse vegane nytta av folk på Husnes til gange og som alternativ trase til postvegen. Vi vil oppfordre til å etablere gangstrekningar som går saman med miljøet på staden og som kan fungere sjølv i anleggstida. Å la desse vegane behalde si opphavslege form med grusdekke vurderer vi til å vere eit kvalitativt, grønt og fornuftig grep for framtida.



Kjelde – [www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no) 1963

Postvegen sin trase midt i bildet. Størsteparten er bygd ned ved etablering av dagens verksområdet.

### Samandrag

Ovanfor er det gjort greie for at det som omtalast som postveg i oversendingsbrevet er å oppfatte som seinare vegfar som har kome til etter at verket vart etablert på Husnes. Vegfaret har soleis ikkje noko med postvegen å gjere. Postvegen hadde sin trase lenger mot vest. Statens vegvesen har ikkje særlege faglege merknadar til korleis ein handterer desse vegane under og etter etablering av Grøn næringspark. Desse vegane er likevel av viktig lokal betydning og ein bør sjå til at mjuke trafikantar kan ta seg fram på desse på ein trygg og effektiv måte, både under og etter etableringa av Grøn næringspark slik kommunen argumenterer for. Grusa vegar gjenspeiler det grønne aspektet i området, samstundes som det er betre å gå på enn asfalt.

Transport-vest/Transportforvaltning Vest 3  
Med helsing

Ingelin Garen  
Fungerande seksjonsleiar

Sigmund Bødal  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Norsk vegmuseum, Hunderfossvegen 757, 2625 FÅBERG